



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

# Krav til å stille sikkerheit og innhald i klientkontoavtalen m.m.

**RUNDSKRIV:**  
2/2015

**DATO:**  
12.02.2015

**RUNDSKRIVET GJELD FOR:**  
Eigedomsmeklingsføretak  
Advokatar med eigedomsmeklingsverksemd

**FINANSTILSYNET**  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

## 1 Storleiken på sikkerheita

Med verknad frå 1. juli 2015 blir kravet til å stille sikkerheit for egedomsmeklingsføretak auka frå 30 millionar kroner til minimum 45 millionar kroner. Ansvaret som kan avgrensast ved avtale, blir auka til 15 millionar kroner per formidling per skadelidande. Stadfesting frå sikkerheitsstillar om å auke trygdgiving («sikkerhetsstillelse») må vere motteken av Finanstilsynet innan 1. juli 2015.

## 2 Klientkonto

Frå same tidspunkt vil enkelte forskriftsendringar som skal førebyggje uautoriserte uttak frå klientkontoar, tre i kraft:

Det er berre *fagansvarleg* i føretaket som kan disponere klientmidla. I tillegg kan fagansvarleg gi fullmakt til andre, men basert på fagansvarleg si eiga risikovurdering. Dersom fagansvarleg blir fråteken retten til å vere fagansvarleg, eller fratrer stillinga si, fell alle fullmakter til å disponere over klientmidla bort. Det same gjeld dersom løyvet til føretaket blir kalla tilbake. Både fagansvarleg og egedomsmeklingsføretaket har plikt til å melde frå til finansinstitusjonen om at disposisjonsrettane til klientmidla er falle bort.

Forskrifta stiller krav til innhaldet i kontoavtalen mellom egedomsmeklingsføretaket og finansinstitusjonen. Egedomsmeklingsføretaket må sørge for at finansinstitusjonen har forplikta seg til mellom anna å sjå til at det ikkje blir etablert fullmaktsforhold som er i strid med regelverket og at opphør av disposisjonsfullmakter blir registrerte. Finansinstitusjonen si motrekningserklæring må òg vere del av kontoavtalen.

Klientkonto skal opprettast i føretaket sitt namn, og skal kallast «klientkonto». Egedomsmeklingsføretaket kan setje klientmiddel på felles klientkonto eller opprette særskilde klientkontoar for enkeltkundar/-oppdrag. Sjølv om det blir oppretta særskild klientkonto, skal egedomsmeklingsføretaket vere kontohavar. Det er likevel naturleg å merke kontoen slik at kunden eller oppdraget blir identifisert, f.eks. *Klientkonto – Selskap X AS*.

Eksisterande kontoavtalar må endrast innan 1. juli 2015. Føretaka skal *ikkje* sende særskild melding til Finanstilsynet om dette, men vil bli bedne om å stadfeste innhaldet i kontoavtalen ved rapportering for første halvår 2015.

Anne Merethe Bellamy  
direktør for marknadstilsyn

Anne-Kari Tuv  
seksjonssjef

**Kontaktpersonar:**

Spesialrådgivar Arne Solberg, tlf. 22 93 98 05, e-post: [arne.solberg@finanstilsynet.no](mailto:arne.solberg@finanstilsynet.no)  
Spesialrådgivar Geir Haatveit, tlf. 22 93 98 03, e-post: [geir.haatveit@finanstilsynet.no](mailto:geir.haatveit@finanstilsynet.no)

**Lenke til lovendringane på Lovdata:**

[Forskrift 28. november 2014 nr. 1484 om endring i forskrift om eiendomsmegling](#)

**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO